



DEN NORSKE KIRKE
Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 01.03..22

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 24.02.22
Møtetid: kl. 19.00.
Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Andreas Ester.
Meldt forfall : Ellinor Henjesand Austreim . Møtte ikkje : Anna Sofia Høvik.

Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar,
postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ein liten merknad til innkalling. Stryke Toril Lange på kopilista, sidan ho er slutta.
Ingen merknad til sakliste.

Godkjenning av referat frå møtet 02.02.22.

Det var ingen merknad til referatet.

Sidan sist.

Gudstenester avvikla etter plan.

Ca 650 spørjeskjema er delt ut til husstandar, butikkar og i kyrkja. Det har vore informasjon i
avisa Ytre Sogn.

Postlista.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmene.

Årshjulet.

Gjennomgang som sak i samband med årsmeldinga.

Soknepresten har ordet.

Presten Andreas las « Bøn om fred » som aktuell pga den pågåande krigen i Ukraina.

Meldingssaker:

220006 Innreiing i dåps-sakristiet.

Rommet skal ha funksjon som enkelt kjøkken, rom for dåpsfylgje og noko oppbevaring.
Representant for byggfirma har vore på synfaring. Han vil kome med forslag til løysing ut frå
våre ynskje, samt eit kostnadsoverslag.

220007 Folkemusikkmesse våren 2022 ?

Utsett inntil vidare. Kan bli aktuelt seinare med bruk av song – og musikk- krefter i vår
eigen kommune.

220008 Orientering om stillingar.

Det er planlagt snarleg utlysing av stilling som kyrkjelydspedagog med søknadsfrist 01.05. Stillinga blir finansiert med 75 % kostnad på sokna i Høyanger Kommune og 25 % på Gaular Sokn. Kyrkjevevje går av med pensjon 31.12.22. Det blir sett i gang arbeid med utlysing av stillinga.

220009 Nye kyrkjevertar.

Nokre personar er spurt , og fleire blir utfordra . Vi tenker at dei nye blir med ein av dei faste soknerådemedlemmene for orientering.

Vedtaksaker:

Sak 0004/22: Kyrkjeleg musikkplan. Kantor deltok på møtet i denne saka.

Vedtak: Kyrkjebø Sokneråd tilrår føreliggjande plan som ramme for kyrkjemusikalsk plan for soknet og Kommunen 2022 – 2027.

Sak 0005/22: Krossvandring / Håpsvandring – tilbud og evt innkjøp.

Vedtak : Kyrkjebø Sokneråd går ikkje til innkjøp av nye påskevandringssplakatar.

Sak 0006/22 : Årsmøtet for 2021. Tidfesta til 06.03.22 i Vadheim.

Vedtak : Dokumenta vert godkjende av soknerådet, og framlagde for årsmøtet slik dei føreligg.

For Kyrkjebø sokneråd

Aud Kjersti Haugen

Medlem i soknerådet